

## HOVUDPUNKT FRÅ KOMMUNEDIALOGEN MARS 2016

### ULLENSVANG

Ordførar ser at landskapet er av nasjonal interesse, men er også oppteken av å utvikle staden der ein bur.

Ullensvang ser det som utfordrande å forvalte gjennom føresegner, i eit slikt variert landskap. Riksantikvaren vil gje nokon haldepunkt, og peikar generelt på at fellesføresegner kan være konstruktivt, desse kan også differensierast for ulike område. Kommunen er usikker på om det skal inn i arealdel eller samfunnsdel, og nemnde også at dei mangla ein byggeskikkettleiar.

Planleggjar spør: utløyser dette konsekvensutgreiing? Riksantikvaren svarar: ein ynskjer at kommunen brukar sine verkemiddel til å forvalte området, men at det er kommunen som er planmynde. Kulturlandskapet er også ein ressurs for kommunane.

RV 13 er ein stamveg som vi treng å diskutere, den treff mange klungetun. I Ullensvang er det stor skilnad på vegar der det bur folk og der det ikkje bur folk. Ein kunne ynskjer seg meir midlar til vegbygging i slike område.

Konkrete omsyn som kommunen ser må takast for forvaltning av kulturlandskap er:

- Mange små føretak som driv med masseuttak
- Fleire jordbruksvegar oppetter liene, både vertikale langs småkraftverka og sikksakk for flatehogst.
- I sjøareala er det pågang frå oppdrettarar som vil inn i Sørfjorden
- Mineralfunn over tregrensa
- Heilårsveg opp til Heng og Dronningstien
- 

Kommunen har ingen syn på spørsmål om avgrensing, og finn grensene naturlege. Dei ser kontakten over fjorden som viktig, og ser ikkje korleis landskapet på annan måte kan avgrensast i liene.

Riksantikvaren melder at dei kan kome til å styrke den nasjonalromantiske delen av skildringa. Kommunen kunne ikkje sjå at dette ville få konsekvensar for avgrensinga som ligg føre, og ser at kunst og kunstnarsida ved landskapet er ein naturleg del av forteljinga om det.

Kommunen nemnde også kulturlandskapet Herand-Jondal, og trakk dette fram som framstående. Til slutt er det ein landskapsark ved Måge/Eikrhamrane som må vurderast opp mot det arealet som er tiltenkt kartmerka som kulturlandskap av nasjonal interesse.

## KVINNHERAD KOMMUNE

Ordfører Peder Slettebø  
Plan- og byggesak koordinatør Anbjørn Høvik  
Kulturkontoret v/Øen  
Ein til Hildegunn Furdal

Ordfører peika på følgjande utfordringar som kan være konfliktfulle:

- Ynskje om å utvikle sentrum
- Bustadbygging er viktig
- Ynskjer ikkje avgrensingar i sentrum
- Store bedrifter ynskjer handlingsrom i sentrum

Kommunen meiner skildringane og kartfestinga framleis er uklar, alt det som handla om metode er ukjent. Kartfesta areal bør grunnjevast betre, viktige landformer er til dels lite skildra og det er knytt for stor uvisse til skildringane om lokalklima.

Kvinnherad har ein svært detaljert kommuneplan, noko som gjer det vanskeleg å handsame for samshandsamar. På spørsmål om det er størrelsen som uhandterbar svara kommunen at det ikkje er uhandterbart, men utfordrande. Mange kartlag oppå kvarandre utgjer ei særutfordring.

På spørsmål frå Riksantikvaren om det er riktig at kommunen ønskjer tydelegheit, men ikkje å bli fråteke handlingsrom, svara kommunen at ein etterlyser betre samanheng mellom skildring og forvaltingsråd, samt at kommunen kjenner seg igjen i skildringa.

Kommunen reiste til slutt følgjande konkrete utfordringar:

- Kraftlina gjennom sentrum skal leggjast om
- Snilstveitøy bør takast ut
- Skåla-landskapet er under press, men lite aktuelt å utvikle det heilt enno

Kommunen hadde følgjande tankar om forvaltning:

- Bruk av temakart?
- Kan kommuneplan vise til temakart?
- Bruk av områdeplan

## FITJAR KOMMUNE

Kommunen har eit komplekst planverk som dei må halde seg til, og som legg føringar på lokal arealforvaltning:

- Interkommunal strandsoneplan (under arbeid)
- Øyaplan – kommunal plan som til dels liknar på kulturlandskapsprosjektet sitt areal

- Regional kystsoneplan legg sperrer for bruken av sjøareal i Fitjarøyane (oppdrett)
- Strandsoneproblematikken – som aukar kompleksiteten

Kulturminneplanen er nett vedteken, og kommunen har ikkje ressursar til å lage ny kommuneplan kvart fjerde år. Riksantikvaren held fram at ein kan vurdere å vise til eit temakart.

Kommunen held fram nokre viktige moment som vårt prosjekt ikkje bør komme i konflikt med:

- Sentrumsutvikling
- Næring og nytting av sjøareala

Kommunen meinte til slutt at folk i Fitjar ikkje heilt kjenner seg igjen i kva Fitjar er.

Møtet vurderte til slutt 2 alternativ for jordbruksareala som ligg som ein krans sør for sentrum: enten skreddarsaum som skil sentrumsareal frå jordbruksareal, eller at jordbruksarealet vert liggande utanfor og vert vist til i tekst.

## BØMLO KOMMUNE

Rådmann og fleire møtte

Bømlo kommune meiner dei er avhengige av at folk identifiserer seg med avgrensingane, og at areala ikkje vert for store. Dei er glade for at registeret ikkje er tenkt som ein heimsko, men peikar på at dei alt har 10 kulturlandskap i Bømlo samt botanisk verna område.

Riksantikvaren spør om sentrumsområda er problematiske. Kommunen framheld Hovlandshagen, kor det skal investerast 160 millionar i ei vidareutvikling til hamn og industri. Reguleringsplanen er vedteken. Sentrum er også viktig i høve til næringsutvikling, det same gjeld sjøareal. Det er krevjande for kommunen å akseptere at heile Langevågen vert bandlagt, Bergeforbindelsen er mindre kontroversiell. Kommunen ser samstundes at Sokkamyra bør være med. Riksantikvaren og fylkeskommunen vil vurdere tilbakemeldinga nøye, og har teke ut Hovlandshagen og områda aust for vegen slik kommunen ba om på høyringa.

Elles opplyste kommunen at siste møte i Areal- og samferdsel er 22.juni. Vi vart då samde om skrivefrist for forslaget 20.mai. Riksantikvaren si vurdering er at saka kan være eigna som orienteringssak til møtet, då det ikkje kjem fleire høyringsrundar.